



Byggmester Arne Brandsdal
Lonaleitet 2
5267 ESPELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1204 - 14/12981

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
03.09.2014

Godkjenning - Løyve til grunnarbeid og mellombels anleggsveg på gbnr 27/255

Administrativt vedtak. Saknr: 248/2014

Saksutgreiing:

Omsøkt tiltak:

Vi syner til søknad motteke 7.3.2014 med supplerande opplysningar motteke 21.8.2014.

Byggmester Arne Brandsdal har på vegne av Arnavågen Eiendom AS søkt om løyve til utføring av grunnarbeid på gnr 27 bnr 255, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav (k) og (i). Tiltaket gjeld tilrettelegging og planering av terrenget på eigedomen for framtidig oppføring av bygning, samt tilrettelegging for trafikkareal og grøntareal.

Vidare er det søkt om løyve til midlertidig anleggsveg. Det er opplyst at det i samband med søknad om oppføring av bygning på eigedomen vil det verte søkt om permanent tilkomstveg. Det er i søknaden ikkje sett nokon tidsavgrensing for bruk av anleggsvegen.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 utan merknader.

Vurdering:

Lov- og plangrunnlag:

Gbnr 27/255 er på om lag 1.5 daa. Eigedomen er i reguleringsplan for Moldekleiv (arealplanid 125619780001) regulert til byggeområde for industri. Omsøkt tiltak er i samsvar med dette og krev ikkje dispensasjon. Sjølve utkjørsla til omsøkt anleggsveg samsvarar i hovudsak med regulert avkøyrslle og vegtilkomst i planen. Anleggsvegen skal vere mellombels og kommunen vurderer at løysinga ikkje er i strid med arealplankartet.

Omsøkt tiltak kan heller ikkje sjåast å vere i strid med føresegnene til planen. For ordens skuld vert det vist til § 13 i planføresegnene som stiller krav om at «1/5 del av tomtearealet skal vera grøntområde utan bygningar eller trafikk». I situasjonsplanen er det vist areal avsett til grøntområde. Det er ei føresetnad frå kommuneadministrasjonen at arealkravet til grøntområde i reguleringsplanen er ivareteke gjennom søknaden.

Plassering av tiltak, utforming og utsjånad:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagte situasjonskart stempla godkjend 2.9.2014 og utformast i samsvar med vedlagte snitt- og profildeikningar stempla godkjend same dato.

Mellombels anleggsveg vert vurdert å stette krava i plan- og bygningslova § 30-5. Det vert gjeve mellombels løyve med varigheit fram til 31.12.2015.

Kommuneadministrasjonen vurderer at tiltaket med dette stettar plan- og bygningslova sine krav til utforming og funksjon, jf. pbl. §§ 29-1 og 29-3.

Godkjenning av ansvarsrettar:

Det er søkt om følgjande ansvarsrettar i saka:

Føretak:	Godkjenningsområde for ansvarsrett:
Byggmester Arne Brandsdal Org.nr 955 911 741 Lokal godkjenning	SØK (tkl 1)
A. Nyheim AS Org.nr. 975 905 349 Sentral og lokal godkjenning	PRO, grunnarbeid og landskapsutforming(tkl 1) UTF, grunnarbeid, landskapsutforming og innmåling av tiltaket (tkl 1)

Kommunen finn at framlagt dokumentasjon stettar krava for lokal godkjenning, jf SAK kap 10 og 11.

Vedtak

Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav (k) og (i), jf pbl § 21-4, løyve til utføring av grunn- og terrengarbeid i samsvar med søknad med vedlegg journalført

7.3.2014 og supplerande dokumentasjon journalført 21.8.2014. Arbeida skal utførast i samsvar med vedlagte situasjonskart, snitt- og profildeikningar stempla godkjent 2.9.2014.

Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav (i), jf pbl § 30-5, løyve til utføring av mellombels anleggsveg. Løyvet til mellombels anleggsveg gjeld fram til 31.12.2015. Arbeida skal utførast i samsvar med vedlagte situasjonskart, snitt- og profildeikningar stempla godkjent 2.9.2014.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf vurderinga over.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkelloven. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Byggjeløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gjeve, eventuelt dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Saka er handsama og godkjent administrativt etter delegert mynde.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 27 - 255 - Godkjende teikningar

Kopi til:

Arnavågen Eiendom AS

Tunesvegen 312 5264

GARNES

Mottakere:

Byggmester Arne Brandsdal

Lonaleitet 2

5267

ESPELAND